

**KONTROLLUTVALET I  
GISKE KOMMUNE**

**MØTEBOK**

Møtedato: 24.04.2012 kl. 13.00  
Møtestad: Giske rådhus

Møtet vart leia av Dag Oksnes

Elles til stades: Anne Lise Hessen Følsvik, Arnfinn Rune Giske, Ruth Roald og Geirmund Oltedal

Harald Hole hadde meldt forfall.

**= 5 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne.  
Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen og revisjonsrådgjevar Kurt Løvoll.  
Frå Giske kommune møtte kommunalsjef May Helen Molvær Grimstad, einingsleiar Toril Austad, Trine Naadland og økonomisjef Sigmund Strand.

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

**SAK 08/12**

**GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 21. JANUAR 2012**

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå kontrollutvalet sitt møte 21. januar 2012 blir godkjent.

**SAK 09/12**

**OPPFØLGING AV SAK 07/12, ORIENTERING OM VILKÅR VED OMGJERING AV  
SJUKEHEIM TIL BUKOLLEKTIV**

May Helen Molvær Grimstad og Torill Austad orienterte. Det kom fram at alle pasientar vart tilskrevne og at alle unntatt ein pasient har akseptert overgangen.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til vitande.

**SAK 10/12**

**OPPFØLGING AV SAK 02/12, ORIENTERING OM KONSEKVENSAAR AV SAMHANDLINGSREFORMA FORTRINNSVIS INN I MOT MOTTAK AV UTSKRIVNINGSKLARE PASIENTAR**

May Helen Molvær Grimstad og Austad orienterte. Av orienteringa kom det fram at kommunen har satsa på å møte utfordringa med utarbeiding av rutinar og bruk av ekstrahjelp.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til vitande.

**SAK 11/12**

**ORIENTERING OM AVTALEN MELLOM ØYSENTERET APOTEK OG GISKE KOMMUNE VEDK. KJØP AV MEDISINAR**

May Helen Molvær Grimstad orienterte. For kommunalt kjøp av medisin går innkjøpa gjennom innkjøpskontoret i Ålesund. Ein stor del av personar som mottek hjelp frå kommunen som t.d. bebuarar i bukollektiv betaler sjølv eigen medisin og kommunen er ikkje part i slike kjøp. Det vart opplyst at samtalar mellom kommunen og apoteket er i gang.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

1. Kontrollutvalet tek saka til vitande.
2. Kontrollutvalet avventar ei oppfølgjande orientering.

**SAK 12/12**

**ORIENTERING OM PROSEDYRER OG REGELVERK VED FASTSETTING AV GATENAMN I GISKE KOMMUNE**

Biblioteksjef Trine Naadland orienterte og delte ut eit skriv om rutinane vedkomande arbeidsmåten brukt ved fastsetting av gatenamn i Giske kommune.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til vitande.

**SAK 13/12**

**KONTROLLRAPPORT 2011 VEDKOMANDE SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN I GISKE KOMMUNE**

Saksutgreiing datert 17.04.2012 frå kontrollutvalsekretariatet. Følgjande innstilling vart lagt fram av kontrollutvalsekretariatet.

1. Kontrollutvalet ber om å bli gjort kjent med pålegg frå skattekontoret gitt i brev av 04.01.2012.
2. Kontrollutvalet tek kontrollrapport vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen i Giske kommune datert 13.02.2012 frå Skatteetaten til orientering.

Økonomisjef Sigmund Strand ga ei orientering i saka. Han orienterte også om pålegg frå skattekontoret gitt i brev av 04.01.2012.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek kontrollrapport vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen i Giske kommune datert 13.02.2012 frå Skatteetaten til orientering.

**SAK 14/12**

**ØKONOMIEN I GISKE KOMMUNE HITIL I 2012**

(Saka kom opp under eventuelt)

Økonomisjef Sigmund Strand ga ei orientering i saka. Hovudbodskapen var at den økonomiske drifta so langt i 2012 var tilfredsstillande.

Dag Oksnes  
Leiar  
(sign.)

Anne Lise Hessen Følsvik  
nestleiar  
(sign.)

Arnfinn Rune Giske  
medlem  
(sign.)

Ruth Roald  
medlem  
(sign.)

Geirmund Oltedal  
varamedlem  
(sign.)